



Frå prosjekt til destinasjon

Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim 2016 - 2022

Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim vart sett i gang med bakgrunn
i ny E134-trase, med tunell frå Gvammen til Århus.

Omlegginga av vegen utanom lokalsamfunna i Hjartdal, Svartdal og Flatdal var
venta å ha ringverknader for næringslivet i regionen.

Oppdraget var difor å utvikle ein turistveg med fokus på sykkelturisme, i tråd
med Stortingsvedtaket, og på same tid vere eit utviklingsprosjekt til hjelp for
næringsutvikling og stadattraktivitet når vegen vart lagt om.

Turistvegen har fått namnet Sogevegen om Nutheim og historia får du her.



Fra prosjekt til destinasjon

Mål for prosjektet




- planlegge og projektere tiltak som bidreg til satsing på sykkelturisme innanfor ein basesyklingsstrategi
- planlegge og projektere tiltak som fremmer Opplevingsvegen som ein attraktiv turistveg
- planlegge eit utsiktspunkt på nasjonalt nivå
- drive prosess og bidra til næringsutvikling i området i samarbeid med bedriftsnettverket Mytiske Telemark
- forankre utviklinga i lokalsamfunnet



Sogevegen om Nutheim

Metode

- Prosjektet er eit unikt samarbeidsprosjekt mellom Hjartdal og Seljord kommunar, Statens Vegvesen, Vestfold og Telemark fylkeskommune, næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar for å oppnå lokal verdiskaping knytt til opplevingar bygd på reiseliv, landskap, historie, eventyr, kunst, soger og matkultur.
- Organiseringa har spegla dette. Dei fleste initiativ har kome frå næringsdrivande og frivillige, og sidan blitt gjennomarbeidd av prosjektleiing og fagkompetanse. Prosjektet har også bidratt med kompetanse, medan mange av tiltaka er utført av frivillige og næringsdrivande.
- Samarbeid i alle ledd



Bedriftsnettverket
Mytiske Telemark




Offentleg/privat samarbeid i Hjartdal – har resultert i revitalisering av gammal møtestad for bygdefolket og eit stoppunkt for tilreisande




Sogevegen
om Nutheim



Håkon Fjågesund – ein av mange lokale handverkarar i sving for å realisere tiltak i prosjektet



Prosjektområdet



Sogevegen
om Nutheim

Resultat

Gjenbruk og ombygging

- Holm Landhandel
- Skulehuset i Svartdal
- Høysela: I Flatdal

Km nybygd sykkelveg

- Hjartdal: (ved Stuvøy) – 480m
- Svartdal: 1878m
- Flatdal: 4597m

Km skilting av bygdeveg, bilveg og nybygde trasear

- Hjartdal: 20715m
- Svartdal: 3376m
- Flatdal: 13042m

Antall kunstverk

11 skulpturar ute + 4 kunstverk inne

Antall stoppestader

15 stader, store og små

Antall skiltstolper

46 stk

Antall informasjonstavler

13 stk

Antall skilttavler_formidling

28 stk

Nye arkitekturinstallasjoner

- 1 møteplass/gapahuk på Sagbrukstomta,
- 1 badstoge på Sagbrukstomta
- 2 stk mjølkeramper langs bygdevegar Hjartdal
- 1 kornmagasin/utstillingspaviljong på Magasinbakken
- nytt tilbygg på Holm
- 1 utsiktspunkt på Nylende i Flatdal
- stasjonar som del av naturlaben ved Flatsjå

Antall bruer

3 (4 inkl Håkkedalen) stk tur-/sykkelvegbruer

Staddynamikk

Auka samarbeid – i lokalsamfunnet og på tvers
av grender og kommunegrenser

Auka statkjensle – bygd opp noko saman

Utviklingsvilje – lettare å sjå moglegheiter og
høve til utvikling

Auka potensiale for næringsutvikling –

konkrete nye aktivitetstilbod å tilby gjester

Auka kompetanse – kompetanseoverføring
i fleire ledd

Tettare dialog med marknadsapparat



Sogevegen
om Nutheim

Samfunnsøkonomiske ringverknader

Opprinnelig 40 millionar kroner frå
Statens Vegvesen

Så langt eit totalt kronebudsjett på i
overkant av 50 millionar kroner

Løyvinga frå SVV har så langt direkte
generert 10 millionar kroner inn i
regionen

I tillegg kjem:
Dugnadstimar friviljuge
Tilskotsmidlar direkte til lag og
organisasjonar

Arbeidsinnsats kommunar,
fylkeskommunen og Statens
Vegvesen

Tilskot, eigeninnsats og meirsal som
følge av bedriftsnettverket Mytiske
Telemark

Auka attraksjonskraft, auka besøk,
auka verdiskaping i tilknytta bransjar
(overnatting, mat, drivstoff mm.)



Ingen ende ta

Nye tiltak under planlegging
Nye initiativ – frå kommunen,
næringsdrivande og private

Rekreasjonsområde ved
Hjartsjø/Prestodden

Naturlab i Flatdal

Ynskje om at infrastrukturen
kan vere eit springbrett for
nye satsingar i lang tid
framover

Velkommen til reisa –
Sogevegen om Nutheim!



Sogevegen
om Nutheim





Nordbø Pensjonat























NUTHEIM
ESTGIVERI











Arkitekturen i kvar stasjon vil fylgje dei ulike preposisjonane, og fungere som ein slags 'kodeknekkar' for dei som fylgjer stien. Desse temaet uttrykt gjennom arkitektur i landskap, brukast for å skape opplevingar og erfaringar knytt til natur- og kulturlandskap, lokale segner, forteljingar og dialekt/talemåte.



Vi bevegar oss MOT fjellet. Vi går GIENNOM skogen. Vi er INNI åkeren.

Vi symjer ONDER vatn. Vi sit VE varmen (bålet).

Preposisjonane kan bli tema for stopp-punkt eller stasjonar, og vil gje ulike vinklingar og tilnærmingar til eit tema. Del vil også gjera del som kjem hit klar over si eiga plassering i omgjevnadane, og korleis dei kan ha eit forhold til dei.









God tur!



Sogevegen
om Nutheim